

Nordvestpassasjen

Ei moderne ferd i eit polarhistorisk landskap. Siste del

«Amundsen hadde respekt for oss. Franklin, derimot, han såg ned på folket vårt.» Den tettbygde, blide karen tek ein pause frå iglobygginga og ser utover den flate havisen. Andletet får ei alvorleg mine. «Kanskje det er difor det gjekk som det gjekk med britane.»

Me er på jakt etter sel utanfor Gjøahavn. Teknikken er enkel, men tolmodet stort. Utrusta med ein harpun står jegeren bøygd over eit lite hol i isen og ventar. Han nyttar same metode som isbjørnen. Han ventar – og ventar. Før eller seinare må selen trekkje pusten. Men du veit aldri kvar han dukkar opp. Det kan vere mange hol på eit svært område. Men med eitt er han der. Og då må du vere klar. Eit nådeløst hogg med spydet. Dette er ei tolmodsprøve, lite tvil om det. I dag kan ein gå på supermarknaden og kjøpe mat, seier Allen Kalut, men det er ikkje mange åra sidan du ikkje hadde noko val. Hadde du ikkje evna til å stå slik og vente, vart det ikkje mat til familien. Så brutalt var livet.

Me har teke ein pause frå den monotone stiringa i isen og overtala Allen til å bygge ein iglo. Han har gjort det før. Allen er nemleg fødd i ein iglo. Faren var ein god jeger. Dei levde av jakt og flytta med årstidene etter byttet, på tradisjonelt vis, heilt til styresmaktene i Canada kom og henta Allen som seksåring, ein gong i 1950-åra. Han vart sett på eit fly til skulebenken i Inuvik, forferdeleg langt unna, på grensa til Alaska. «Eg lærde iallfall engelsk», seier han med eit smil. «Det gjorde aldri store-bror min.»

GJØAHAVN

Gjøahavn er staden der Amundsen låg med skuta si i to år, frå 1903–05. Den gong budde ingen her. Likevel oppstod eit kulturmøte som skulle setje djupe spor hjå begge folka. Men fyrste møtet starta ganske mistenksomt: «Det eneste rette var fra først av å betrakte de kommende som fien-

der», skriv Amundsen då han såg inuittane utanfor skuta. Magasina vart fylte i våpna, og Amundsen retta «sig i buksen, gjorde et reglementert heltom og kommanderte fremad – marsj». Spenninga steig, sannsynlegvis i begge leirane, heilt til Amundsen kom på ordet «teima» – og skrik det ut så høgt han makta. Inuittane bråstansa, skal vi tru Amundsens dramaturgi, og svara med «maniki-tu-mil!». Freden vart slutta: «Vi skriker alle i munnen på hverandre, omfavner og klapper, og jeg vet ikke på hvilken side gleden er størst.»

I dag er Gjøahavn ein by på om lag 1200 menneske. Det er ein av dei få stadene i Nunavut som ikkje har skifta attende til eit inuktitutsk namn etter at området fekk sjølvstyre i 1999. Det seier noko om kor sterkt forteljinga om Roald Amundsen og mennene hans står på denne staden, som fyrst fekk fast busetjing då misjonen kom hit i 1920-åra og Gjøahavn voks fram som ein marknadsstad.

Me har vorte motteke svært venleg her i byen. Overalt får me eit smil, samstundes som folk ser ned på føtene våre og seier: «I love your nice caribou boots!» Me går på skallar, det praktiske og varme samiske fottøyet. Dette er velprøvd i polarstroka. Antarktispioneren Carsten Borchgrevink sa at utan «finne-støvler [...] ville utvilsomt våre føtter blitt ordentlig forfrosne». Og Nansen meinte at på snø «er finsko ubetinget det bedste fodplag af alt jeg har prøvd». Me har teke med skallane for å bruke dei i og rundt teltet, men dei fungerer også framifrå som arktiske byskor – og ikkje minst som kontaktskapar. Kvinner og menn, gamle og unge stoppar oss på gata og spør kvar desse fantastiske skorner kjem frå. Og så er praten i gang: om rein-drift i Finnmark og samiske klestradisjonar, om at me kjem frå Noreg, og altså



Roald Amundsen vart fascinert av korleis Netsilik-inuittane hadde utvikla ei livsform som kunne takle det harde klimaet i Nordvest

frå same staden som Roald Amundsen. Mange, særleg eldre kvinner, spør om me kan ta av oss skallane, slik at dei kan sjå korleis dei saumar reinsdyra på andre sida av Atlanterhavet. Etter nokre dagar har me mange vener i byen på denne måten. Ein av dei er Allen. Han køyrer vassbilen i helgane, men har god tid til å dra på jakt på vekedagane.

SYN PÅ INUITTKULTUREN

«Var det verkeleg slik», spør Allen, medan han lempar snøblokkar, «at Amundsen såg med vørndnad på folket mitt?» Det er vanskeleg å svare eintydig ja på det spørsmålet. Amundsen hadde tvillaust stor respekt for måten inuittane hadde utvikla ein teknikk for å overleve i desse stroka: «De tilsynelatende saa primitive gjenstande» var ikkje eit uttrykk for låg intelligens, argumenterte han, men eit uttrykk for «aarhundreders erfaring og klok prøven». Amundsen såg at inuittane hadde ein kunnskap – ein snowhow – å lære bort; han skjønna at dei som budde her, meistra elementa betre enn nokon andre. Dette var i seg sjølv eit utgangspunkt for å møte ein framand kultur, som vitnar om større respekt enn mange hadde i samtida hans.

Me kan likevel ikkje seie at Amundsen såg på «dei andre» som likeverdige

med eigen kultur. Amundsen hadde heller ingen ambisjon om å framstille inuittane på eit spesielt sympatisk vis. Hans personlege forteljarstil fører likevel til at han unngår den klassiske generaliseringsfella, der eit folk eller ein «rase» er likt i eitt og alt. Han understrekar snarare at «vår opfatning av disse eskimoer var så forskjellige, at jeg kan si, hver eneste av de syv deltakerne i Gjøa-ekspedisjonen hadde sin særskilte mening om dem». Kokken Lindstrøm kunne til dømes ikkje «for-drage eskimoer».

I Amundsens forteljing finst både skurkar og heltar. Nokre inuittar blir framstilte som innpåsletne, andre som arbeidsame og hjelpsame. Nokre som attendestående, andre som intelligente. Nokre «kunde kalles like frem vakre», andre var «heslige, flatnesede eskimoer».

Og på romantisk vis meinte Amundsen at «de eskimoer, der lever absolutt avsondret fra enhver civilisasjon, ubetinget er de lykkeligste, de sundeste, hederligste og mest tilfredse». Hans «beste ønske for våre venner netchjilli-eskimoene er, at civilisasjonen aldri må nå dem».

FANGSTMANNSPRESTEN

På ein av rundturane våre i byen treffer me presten i den katolske kyrkja. Lukazs



Skallane mine, sydde av Madam Bongo i Kautokeino, vekte stor interesse hjå karane på samvirkekafeen i Gjøahavn. Foto: Vegard Ulvang



passasjen. Foto: Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo

Zajac er frå Polen og har budd i Gjøahavn i tre år. Han stortrivst, seier han med eit vel-dig smil. Og det var lett å få denne jobben, meiner Lukazs. Ingen andre søkte på han. Han inviterer oss inn i prestebustaden og serverer turka moskuskjøtt – sjølvskote og sjølvлага. Han handlar sjeldan mat i butikken. Det meste han et, fangar presten sjølv: moskus, rein, sel og fisk i alle variantar. Han har rett og slett funne sin store lidenskap her på sin nordlege post. Han hadde ikkje denne interessa heime i Polen, men han har gått ein god skule hjå lokale fangarar her i Gjøahavn. «Men dei er det ikkje mange att av», sukker Lukazs. «I dag er det ingen som lever av jakt på heiltid. Og dagens born vil ikkje eingong

ete mat frå naturen. Dei vil berre ha junkfood frå kafeen».

Praten med presten går frå hyggjelege forteljingar om storviltjakt på Kong Williams Land og laksefiske på fastlandssida til ei meir mollstemd skildring av dei sosiale tilhøva i byen. Og orda til presten bryt med det gatebiletet me hadde forma oss. Høg arbeidsløyse, unge jenter som får mange born i tidleg alder, ofte med fleire menn, sjølv-mord, alkoholisme og vald. Også spelegalskap lid mange av. Presten møter mykje av dei sosiale problema i gjerninga si. Han er nyansert i framstillinga si, han ser dei klassiske postkoloniale utfordringane, han skjønar det er naudsynt med tiltak for folk som endrar livsstil frå fangarar til byfolk,

Amundsen meinte at «de eskimoer, der lever absolutt avsondret fra enhver civilisasjon, ubetinget er de lykkeligste, de sundeste, hederligste og mest tilfredse». Hans «beste ønske for våre venner netchjillieskimoene er, at civilisasjonen aldri må nå dem».



Allen Kalut er nøgd når han kjem ut av byen og ut på isen. Men den beste årstida er sumaren, seier han, då kan han liggje i lyngen – utan å ha på seg anorakk. Foto: Harald Dag Jølle

men er redd mykje av velviljepolitikken ikkje fungerer som han er meint. Folk blir passive av å få stønad, meiner han og har heller ikkje allverdast lovord å kome med når han snakkar om sjølvstyret og lokal-demokratiet. Og så synest han det er trist at folk her i Arktis no lever så langt frå det livet besteforeldra deira gjorde. «Dei misser kontakten med den naturen og det mat-fatet dei lever midt oppe i.»

SPOR ETTER AMUNDSEN

Gjøahavn renn ikkje over av turistar vintertid. Det er dyrt å fly hit, og tilboda til dei tilreisande er ikkje mange. Om sumaren, derimot, kjem det lass med cruise-passasjerar i land, på sin veg gjennom Nord-vestpassasjen. «Dei turistane ser oss ikkje i auga», fortel ein kar me drikk kaffi med på samvirkekafeen; han sit med den eine skallen min i fanget og studerer korleis reinskinna er bretta rundt tåa, «dei går berre rundt og er høge på strå».

Me har gått gatelangs og leita etter stader Amundsen omtalar: Birkelands Høy, Aksel Steens Høy, Fram Næs og Lindstrøms Elv. Men det er ikkje lett å få dei gamle karta til å stemme med dagens bystruktur. Me freistar òg å finne nøyaktig kvar Amundsens magnetiske stasjon låg. Heldigvis møter me Louie Kamookak. Han er lokalhistorikar og teiknar og forklarar for oss. Han kjenner godt den munnlege tradisjonen etter Amundsen hjå inuittane og kan fortelje historier om korleis dei innfødde, før dei visste det var ein båt i nærleiken, hadde høyrte den ukjende lyden av rifleskot. Lenge hadde dei overttydd kvarandre om at det måtte vere smell i isen dei høyrde. Dei klødde seg òg hardt i hovudet då dei såg spora etter «Gjøa»-karane i snøen. Dei var ikkje frå eit dyr. Dei var heller ikkje frå folk, mente dei, for menneskespor var runde etter kamikar og ikkje firkanta i tuppen. Louie fortel òg historia om kor medgjerleg Amundsen var mot dei innfødde han ferska i tjuveri. Og han legg ikkje skjul på at tradisjonen fortel at nokre av karane på «Gjøa» bytte bort knivar mot kvinnfolk.

Me vitja det flotte kulturarsenteret i byen. Også her har Amundsen fått ein sentral plass. Den store attraksjonen sidan 2013 er dei seksten gjenstandane som er

attendeførde frå Kulturhistorisk museum i Oslo. Amundsen dreiv systematisk etnografisk innsamling då han var her. Samlinga på 1200 gjenstandar vart stolt overteken av Etnografisk Museum i Kristiania, og ho fekk ein sentral plass i den arktiske orienteringa til museet.

KUNSTEN Å BYGGJE IGLO

Allen finn fram termosene og eit stykke reinkjøtt. Han har enno ikkje fått tak på igloen, men veggene gir god le for vinden. Han er nok litt ute av trening med iglobyggjekunsten. Dessutan har han elendige assistentar. Avtalen var at Vegard og eg skulle skjere ut snøblokkane, medan han skulle reise bygget. Men det er vanskeleg, om du lurar på det, å få jamne og fine stykke.

Det fekk òg Roald Amundsen erfare, då han og Helmer Hansen skulle reise ei snøhytte på ein av sledeturane sine. «I førstningen fulgte eskimoene oss med nysgjerrige blikk», skreiv Amundsen, men det varde ikkje lenge før dei byrja å le. «De lo, så jeg trodde de skulde bli syke; tårene trillet dem av øinene, de vred sig av latter, hev sig og hylte.» Til slutt spurde dei om dei ikkje skulle ta over bygginga – «men måtte rett som det var stanse for å le igjen ved tanken på vår dumhet». Amundsen innsåg at han måtte lære seg å byggje iglo på skikkeleg vis. Og han hadde alle moglegheiter. Han hadde ein dyktig læremeister som heitte Teraiu. Og: «Sne hadde vi nok av, tid også.»

Det er framleis nok av snø rundt oss, men tida vår her på isen er snart ute.

Me har hatt ei eventyrleg ferd på om lag 700 kilometer gjennom eit røft land; ei reise som har sett alle historiene eg har lese, inn i eit landskap. Det er lett å skjone at mange har slite i desse omgjevnadene. Samstundes har eg auka vordnad for alle som har meistra desse nådelause elementa. Framfor alt dei som har levd her, som familien til Allen. Men også for dei som har overlevd her, som karane om bord på «Gjøa».

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar og forskar ved Norsk Polarinstitutt og fast skribent i Dag og Tid.